



Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum – ideen som blei stor

Tale ved 25-årsjubileet
Ivar Aasen-tunet 28. september 2018



Grete Riise

© 2018 Grete Riise og Nynorsk kultursentrum

Framsida

Grete Riise under talen 28.9.2018. Foto Svein Olav Humberst / Nynorsk kultursentrum

Talen kan lesast som eit framhald av «Ein meister frå Volda» av Roger Erlandsen

Publisert på Nynorsk.no, Aasentunet.no, Haugesenteret.no, Vinjesenteret.no og Allkunne.no
7. november 2018

ROGER ERLANDSEN HAR FORTALT om tenkjaren og strategien bak det heile, Jostein Nærbøvik, og har vist kor viktige einskildpersonar kan vere i den historiske utviklinga om han eller ho er der på rett stad og til rett tid. Ottar har vist korleis viljen til makt kan uttrykkje seg utan vald. Nynorsk kultursentrum er eit døme på institusjonsbygging som maktmiddel i språk- og kulturkampen.

Mange av hovudpersonane i forteljinga om korleis Nynorsk kultursentrum vart til, er her i dag. Nokre er borte for alltid. Mange nye kom til for å realisere ideane deira. For dei som vil vite om dei er nemnde i den meir detaljerte forteljinga, ber eg dykk kikke i jubileumsgåva.

Dei som har følgt med på Facebook dei siste vekene er alt fora med drypp frå saga om utviklinga av Nynorsk kultursentrum frå start til slutt og med oppdaterte artiklar om festspeldiktarar og andre viktige personar og hendingar. Og om Fehn som synst det var rart å stå i sitt eige manuskript på opningsdagen til det nye Ivar Aasen-tunet. Vi har eit overveldande materiale å ause av. Det meste ligg ope, lett tilgjengeleg og gratis på nettsidene våre. Å samle saga til Nynorsk kultursentrum i ein halvtime, er derimot ikkje så lett. Faren for at eg går meg vill er overhengande.

Om tida før stiftinga vart etablert, viser eg til foredraget «Ein meister frå Volda» av Roger Erlandsen.

«Dei skriv, dei snakkar, dei møtest, dei fotgår moglege støttespelarar i og utanfor Stortinget. Aldri gir dei slepp på grunntanken om at dette skal bli ein nasjonal institusjon. Vil Stortinget gjere det til eit regionalt tiltak, får det heller vere. ... Men år for år blir fleirtalsmerknadene frå Stortinget tyngre og tydelegare. Vegen frå ein innleiande mindretalsmerknad i 1990 til eit avsluttande fleirtalsvedtak i 1995

er eit skuleeksempel på parlamentarisk handverk.», skriv Ottar Grepstad i artikkelen «Ivar Aasen-tunet: ein skriftkultur i handfast betong».

Parallelt med arbeidet for eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur i Ørsta-Volda vart ideen om ein nynorskfestival i Ørsta og Volda realisert. Ein slik festival kunne kanskje vere med på å lufte ut husmannsånda som prega både kultur og språk på Sunnmøre, og vart vel og brukt som brekkstong for hovudprosjektet Ivar Aasen-senteret. Med det vart også den gamle stemnetradisjonen i Aasen-tunet oppattlivna. Marie Egset Haug var prosjektleiar i halv stilling frå 2. januar 1992, og i september same år kunne prinsesse Martha Louise opne Den nynorske festspelveka. Året etter heitte det for første gong Dei nynorske festspela.

Først 30. august 1993 kjem dagen for stiftingsmøtet på Møre folkehøgskule med Jostein Nerbøvik som leiar og Kari Bjørke som sekretær. 14 stiftarar er med heilt frå starten, men talet steig raskt. I dag tel rådet 24 nynorskinstitusjonar og -organisasjonar, høgskular og universitet, kommunar og fylkeskommunar og utgjer i seg sjølv eit gedigent og mangfaldig nettverk for institusjonen.

Hausten 1993 hadde Kulturdepartementet i samråd med Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sett ned eit utval, med Bodil Røyset som leiar, for mellom anna å vurdere realismen i forprosjektet, men med eit redusert investeringsbudsjett. Hovudkonklusjonen var positiv, og utvalet meinte både at planane var realistiske og at eit samla, men mindre Ivar Aasen-hus kunne byggjast for 53, 4 millionar. I tråd med konklusjonane og prioriteringane til Røyset-utvalet vart det laga eit revidert plandokument i 1995. Her blir samanhengen mellom det gamle og det nye understreka, og den no etablerte tradisjonen med nynorske festspel vart framheva med tanke på tunet som reisemål og opplevingsarena for folk flest. Romprogrammet var redusert, særleg kontor- og arkivdelen.

Ja-svaret frå regjeringa kom som ei tilleggs melding til statsbudsjettet for 1996,. Dei gjekk inn for å leggje forskingsdelen til høgskulen og museet til tunet. Det statlege engasjementet vart grunngitt i at «det er ei nasjonal oppgåve å formidle både dei nynorske tradisjonane og den nynorske samtidskunsten», men staten la ingen

språk- eller kulturpolitiske føringar for den nye institusjonen. Stiftinga skulle vere fri og uavhengig og kunne ta målpolitiske og kulturpolitiske standpunkt i strid med den offisielle politikken.

Det einaste pålegget var at dei skulle samarbeide med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Staten tok på seg å betale brorparten av investeringane mot at kommunane og fylkeskommunen tok ein mindre del. Driftsutgiftene skulle staten dekkje åleine saman med institusjonens egne inntekter.

I fylkestinget og i Ørsta kommune var det eit klart fleirtal for løyvingane, men i Volda var det berre så vidt det heldt. I mai 1996 dukka det opp underskriftslistar mot løyvingane rundt om på butikkane og bensinstasjonane i dei to bygdene. Politikarane som hadde lova *Eldre og helse først* vart skulda for løftebrot. Kravet kom om å bruke pengane på dei som trong det mest, og ikkje til *finkultur for dei få* i Hovdebygda. 1500 skreiv under. Men kommunestyrevedtaka vart til alt hell ståande. Det er verd å merke seg at alle vedtaka er gjort før det låg før noka teikning. Men for ei teikning dei hadde i vente!

I Aasen-året 1996 kunne Åse Kleveland slå fast at den kjende arkitekten Sverre Fehn skulle få i oppdrag å teikne bygget. Ellen Horn sa det slik i opningstalen sin i Aasen-tunet 22. juni 2000: «Somme hadde kanskje venta at eit bygg for nynorsk skriftkultur skulle bli som ein bunad, med tradisjonslinjer frå treskurd og rosemåling. Men skaparane og brukarane av den nynorske skriftkulturen har jo alltid vore like heimekjende i verda som i bygda. Sjølve tanken om eit nytt skriftspråk var ein moderne, framtidsretta idé. Difor kjennest det så rett at det er den poetiske modernisten Sverre Fehn som har teikna bygget og uteamfiet her i Aasen-tunet.»

Men hus treng folk, og i februar 1999 vart Ottar Grepstad tilsett som direktør. Han og administrasjonssekretæren Annvor Ulleland tok til 5. juli. Ottar var godt kjend med planane han skulle fylle. Byggjearbeidet hadde då vore i gong frå 1. mars, og huset skulle vere klart for opning i juni 2000. Før den tid rakk dei å gi ut fem nummer av det lokale meldingsbladet Symra, nettstaden *aasentunet.no* hadde opna i april same år, og i september var det Aasen-tunet som arrangerte Dei nynorske

festspela. Dei hadde til då vore organisert på litt ulike måtar gjennom nittitalet. Ivar Aasen-stiftinga hadde no skifta namn til Nynorsk kultursentrum. Ivar Aasen-senteret hadde fått namnet Ivar Aasen-tunet. På høgskulen var Ivar Aasen-instituttet etablert og hadde fått sine første tilsette.

Basisutstillinga var ferdig vinteren 2001 og inneheldt fem hovudelement:

1. Ivar Aasens liv og verk,
2. talespråk og skriftspråk i globalt perspektiv,
3. framveksten av nynorsk skriftkultur gjennom skule, song og massemedia,
4. enkeltforfattarar og andre nynorskbrukarar
5. språkverkstad med det interaktive dataspelet Dialektspelet.

Med unntak av huset og stemneplassen er alt blitt større enn dei tenkte seg pønskarane i 1990 og stiftarane i 1993. Til gjengjeld har vi fått mange fleire hus. Av dei husa som var i tunet, har vi bygd om i steinhuset og restaurert stabburet. Vi har ordna med tilkomsten og laga Jostein Nerbøvik-plassen. Med ny tunbjørk og ny utescene *kom juvelen på plass i det smykket Ivar Aasentunet er*, skriv styret i årsmeldinga si for 2008. Om ikkje lenge, reknar eg med at eit splitter nytt reiskaps- og lagerhus også er på plass. I Ulvik har det vore ombygging i heradshuset, og i Vinje er det både nybygg og ombygging på gang.

I 1993 vart Nynorsk kultursentrum stifta for å etablere og drive Aasen-tunet. Då tunet opna, var det planlagt for 11,5 årsverk pluss ekstrahjelp ved behov, men budsjettet tok ikkje høgde for slike lønsutgifter.

I 1918 forvaltar vi tre museum, tre festivalar, eit leksikon og åtte andre nettstader. Vi forvaltar ei offentleg støtteordning, Vinjefondet. Allkunne, som starta som eit AS i samarbeid med Samlaget i 2008, er i dag ei eiga avdeling i Nynorsk kultursentrum med sete i Ørsta. Dei nynorske festspela, Ulvik poesifestival og Litteraturdagane i Vinje var alle etablerte av lokale entusiastar før dei vart ein del av Nynorsk kultursentrum sin portefølje.

Til å drive dette har vi 22 fast tilsette i 20 stillingar og avtale med 41 andre. Dei mange frivilljuge som hjelper til særleg under festivalane, kjem i tillegg.

I tida som kjem vil det vise seg om Nynorsk kultursentrum også skal få avleggjar i Lom, der det er skriva intensjonsavtale om eit diktarhus, eller kanskje i Sunnhordland der Nynorsk kultursentrum og Sunnhordland museum diskuterer korleis ein best kan ta hand om dei forvitnelege samlingane til Einar Økland for framtida.

Vi har festa og jubilert mykje, med god grunn og med ein klar strategi. Ikkje berre feirar vi sigrane og heltane våre, men vi utnyttar dei høva som gir seg til å byggje nettverk, finne nye samarbeidspartnarar, spreie kunnskap og påverke. Aasen-året i 1996 vart med sine mange aktivitetar landet rundt, ei ukonvensjonell og framtidsretta markering 100 år etter Aasens død. 200-årsjubileet vart til Språkåret 2013, ei feiring og synleggjering av det fleirspråklege Noreg over heile landet. Eitt av måla var å skape større respekt for og glede av det mangfaldige språksamfunnet. Det vart gjennomført publikumsundersøkingar som tyder på at så mykje som ein kvart million nordmenn skifta meining om språk og språkpolitikk i løpet av det året. Saman med Noregs Mållag la Nynorsk kultursentrum fram hundreårserklæringa Språkpolitikk for det 21. hundreåret på fødselsdagen til Ivar Aasen 5. august 2013.

Det har kome mange lovord i løpet av dei siste åra, men gjævast var det kanskje å bli Årets museum i 2015. Juryen grunngav prisen, som vart delt ut av statsråd Thorhild Widvey på Hamar 9. september 2015 slik:

Nynorsk kultursentrum, med Ivar Aasen-tunet i Ørsta som hovedarena, er en pioner. Nasjonalt og internasjonalt står språk- og litteraturmuseet fram som en uvanlig levende, ambisiøs og systematisk formidler og forvalter av immateriell kulturarv. Museet gir det nynorske språket og litteraturen vitalitet og relevans – blant annet gjennom utstillinger, de årlige nynorske festspela og poesifestivalen i Ulvik annethvert år. I disse dager meisler museet ut nye former for samarbeid både ved å knytte de norske litteraturmuseene sammen, og ved å bygge et globalt nettverk av språkmuseer. Det drives et omfattende arbeid med å samle og formidle språkarven digitalt, blant annet i form av oppslagsverket Allkunne.

Nynorsk kultursentrum har inntatt en viktig rolle i dagsaktuelle språkpolitiske debatter. Samtidig evner de å utvide sitt nedslagsfelt: I fjor åpnet det nye Olav H. Hauge-senteret i Ulvik, og nå arbeides det med å opprette et nytt Vinje-senter i Telemark. Dette viser at vi har å gjøre med et museum med en bemerkelsesverdig offensiv og framtidsrettet strategi.»

Nynorsk kultursentrum er makalaust, som dei ville ha sagt i Det Norske Teatret. Det liknar ikkje på noko anna. Ivar Aasen-tunet er det einaste museet som prøver å visualisere ein skriftkultur, det språkmuseet med lengst historie i verda og det einaste språkmuseet i Norden. Nynorsk kultursentrum vart så mykje meir enn bibliotek og museum. Vi driv med aktiv formidling av nynorsk historie, diktekunst, sakprosa og journalistikk i eit omfattande kulturprogram, turnéverksemd, artikkelskriving, faktabøker, digitalisering av historiske kjelder, har eige digitalt leksikon, eigne festivalar og andre kunstnarlege aktivitetar. I tillegg til det vi arrangerte i eigne hus, har vi hatt arrangement og/eller utstillingar i heile 180 norske kommunar frå 2000 til 2018.

I dag er vi like mykje ein allmenn kulturinstitusjon som eit museum, og vi har nådd målet om å gjere Nynorsk kultursentrum til den leiande institusjonen for formidling av kunnskap om nynorsk skriftkultur.

Jamvel om nynorsk er eit stort skriftspråk i verda, er det eit mindre brukt språk i Noreg. Å vere i mindretal er ikkje alltid så greitt. Sidan tidleg på 2000-talet har slagordet vårt vore å gjere det lettare å vere (og bli verande) nynorskbrukar. I det ligg også arbeidet med å minske nynorskhatet blant bokmålsbrukarane og skamma over eige språk blant nynorskbrukarane. Dei stolte språkbrukarane er gjerne rausare mot andre og. Sjølvrespekt gir rom for å vise respekt for mangfaldet.

Både dokumentasjonen og digitaliseringa, utstillingane, skulesekkproduksjonane og festivalane har dette som eit overordna mål. Ikkje minst det systematiske arbeidet for å gi born og unge ryggdekning for å vere og halde fram med å vere nynorskingar. Kattespora i sementen gav opphav til Lurivar, tunkatten med eigen nettstad. Kanskje også til songen om Ivar Aasen og katten hans av Ragnar

Hovland. Arrangement for born og familiar har dei siste åra vore prioritert både i festspela, turnéverksemda og i dei lokale arrangementa, med konkurransar, boktuver, songhefte og konsertar. Språk i barnehøgd var tema for den tiande årstalen, og i 2016 kom gjennombrotet. Over femti prosent av gjestene våre i fjor var born. Det er og uvanleg for eit museum. Som det er uvanleg å ha så mange fleire gjester på nett enn i dei fysiske musea.

Ein usedvanleg kreativ og kompetent stab har laga overraskande, morosame, velsmakande og tankevekkjande tilbod både på nett, i musea og i arrangement langt utanfor Hovdebygda, Ulvik og Vinje. For store og små.

Som direktør for Nynorsk kultursentrum hadde Ottar Grepstad ein finger eller meir med både då Microsoft fekk menyar på nynorsk i 2003, då rettskrivinga vart endra i 2012, då Stortingsmeldinga Mål og meining skulle skrivast, då Grunnlova fekk sin nynorske versjon i 2014, då ordsamlingane ved Universitetet i Oslo vart redda frå eit liv i arkiva i 2015 og då normeringa av språket vårt stod i fare for å bli privatisert i 2017, for ikkje å snakke om verdien av faktasamlingane om tilstanden for nynorsken kom i 1998 (frå Nynorsk forum), 2005, 2010 og 2015 (den neste kjem i 2020) - for å nemne litt. Nynorsk kultursentrum var og ein sentral aktør då det stod om språkpolitikken i Møre og Romsdal fylkeskommune og i det nye fylket Vestland. Dei tolv årstalane om tilstanden for den nynorske skriftkulturen var ei ny kjelde til innsikt og kunnskap. Viktige problemstillingar vart reiste, ny dokumentasjon lagt fram og nye omgrep lanserte, mellom anna prinsippet nynorsk som vart offentleg politikk i den nemnde St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Der står det: «Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med. Dette er kalla prinsippet nynorsk.»

I fjor og i år kom to etterlengta og viktige bibliografiar: Vinje-bibliografien i 2017 og Aasen-bibliografien i år. Den nynorsk litteraturhistoria (for skjønnlitteratur),

vart til i eit samarbeid mellom forfattaren, Jan Inge Sørbø, Samlaget og Nynorsk kultursentrum. Den digitale utgåva ligg no fritt tilgjengeleg på Allkunne, til stor glede for oss alle, men kanskje aller mest for skuleelevane.

Mange forfattarar har fått høve til å vise seg fram. Mange har fått skine fordi Nynorsk kultursentrum gav dei ein arena. Mange fekk sjå språket sitt på trykk i nye samanhengar. Gjennom kåringa av årets nynorskbrukar har vi synleggjort nynorsken både i dei hemmelege tenestene og bloggverda, i kunstformidlinga og underhaldningsbransjen, og no sist i partiet Høgre. Gjennom minneforelesingane er det formidla ny kunnskap, og med Vinjeprisen har vi støtta og vist fram dei som gir nynorsken plass i massemedia.

Mange vil kunne skrive under på at det har vorte lettare å vere nynorskbrukar i løpet av dei siste tiåra. Nynorsk kultursentrum skal, saman med resten av målrørsla, ha mykje ære for at det er slik. Alle som arbeider for å styrkje nynorsken si stilling i samfunnet, har fått ein solid støttespelar i Nynorsk kultursentrum.

Men det er framleis langt att *«til eit samfunn der det er sjølvsagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar og i alle former for litteratur»*, som det heiter i visjonen vår. Det er og langt att til alle forstår og set pris på den felles kulturarven og det språklege mangfaldet vi alle lever i. Nynorsk kultursentrum er og vil halde fram med å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtilitt.

Takk

Det er tid for å takke dei mange som har gjort ideen om eit nasjonalt Ivar Aasen-museum om til eit kraftsenter for den nynorske skriftkulturen ingen skulle tru var mogleg. Det er likevel to vi skal takke meir enn andre for det vi har fått, og det er dei to riddarane våre. Som ekte riddarar, i alle fall i den romantiske litteraturen, var dei på rett plass til rett tid og klar for innsats.

1800-talet hadde sin Ivar Aasen. I 1871 fekk han ein æresmedalje i gull av kong Karl 4 for det språkvitskaplege studiet sitt av «det Norske Folkesprog», og to år etter, i 1873, fekk han Riddarkrossen av Sankt Olavs orden «for litterair Fortjeneste».

Vi har vår Ottar Grepstad, som fekk sin kross i sommar. Som eg sa under utdelinga: «Det er vanskeleg å finne nokon annan nolevande einskildperson som i større grad enn han har medverka til «å gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Ottar har all si ferd utnytta posisjonen som leiar, initiativtakar, institusjons- og nettverksbyggjar, faktasamlar, skribent og talar til å gi nynorsk skriftkultur autoritet og nynorskbrukarane større rom.» Eg kan og leggje til at det sannsynlegvis ikkje finst ein betre dokumentert skrifttradisjon enn vår.

Dagens festivitas blir også innleiinga til Per Magnus Finnanger Sandsmark si direktørperiode. Ein ny æra tek til. Nye idear skal vekse fram og bli store. Og enno er kanskje ikkje dei største tankane tenkte. Institusjonen Nynorsk kultursentrum er definitivt ikkje endeleg utbygd. Pågangsmotet, kreativiteten og viljen til språk ser ut til å vere like stor som før.

Gratulerer med dei første 25 og til lukke med dei neste!